

Årsmelding 2017 for Leiketun Barnehage AS

Organisasjonsnummer 989 199 900

18-September-2018

Verksemda si art.

Leiketun Barnehage AS driv barnehageverksemd. Barnehagen er eit ideelt føretak der det ikkje vert gjeve utbytte til aksjonærar. Verksemda har fem avdelingar. Fire på Leiketun Barnehage avdeling Frekhaug og ein på avdeling Sagstad. Begge i Meland kommune.

Leiketun Barnehage AS har utvida føremålsparagraf: Barnehagen skal i nær forståing og samarbeid med heimen hjelpe til med å gje barna ei kristen og moralsk oppseding i eit pedagogisk tilrettelagt og fysisk trygt miljø. Elles skal barnehagen drivast i samsvar med føresegner som Frekhaug Indremisjon utferdar.

Eigar.

Frekhaug Indremisjon eig alle aksjane i Leiketun Barnehage AS. Styret i Frekhaug Indremisjon er generalforsamling for selskapet.

Framleis drift.

Styret legg føresetnaden for framleis drift av Leiketun Barnehage AS til grunn ved avlegging av årsrekneskapen.

Årsrekneskap.

	2017	2016	2015
Driftsinntekter	14 439 126	13 735 845	14 312 582
Driftsresultat	386 696	-425 724	191 054
Årsresultat	394 335	-412 174	206 731
	31.12.2017	31.12.2016	31.12.2015
Balansesum	5 129 757	1 795 817	2 087 919
Egenkapital	534 305	139 969	552 143
Egenkapitalprosent	10,4%	7,8%	26,4%

Styret meiner den framlagte resultatrekneskapen og balansen med tilhøyrande notar gjev eit rettvist bilete av resultatet i 2017, og den økonomiske stillinga ved årsskiftet. Utover det som går fram av årsoppgjeret, kjenner styret ikkje til andre forhold som vedkjem selskapet si drift som skulle vore teke med i rekneskapen. Det er avklart med skatteetaten at selskapet ikkje er skattepliktig. Etter utgangen av rekneskapsåret har det ikkje kome til forhold som det ikkje er teke omsyn til i årsoppgjeret og som er viktig for å vurdere resultat og stilling i selskapet.

Arbeidsmiljøet.

Styret meiner at arbeidsmiljøet ved barnehagen er bra. Leiketun Barnehage AS hadde pr. 31.12.17. 22.4 årsverk og hadde eit sjukefråvær på 356 fråværsdagar som svarer til 6,5%. Korttidssjukefråværet er 141 dagar og langtidsfråværet er på 215 dagar.

Likestilling.

Styret er glade for at to menn er tilsett i barnehagen, og arbeider med å få tilsett fleire menn. Resten (23 personar) er kvinner. At det er vanskeleg å få menn til å velja barnehage som arbeidsplass er eit problem for barnehagar generelt. Styret har fire medlemmer, to kvinner og to menn.

Ytre miljø.

Leiketun Barnehage AS si verksemd er ikkje av ei slik art at det forureinar det ytre miljøet, og er heller ikkje regulert av konsesjonar eller pålegg av miljømessig art.

Frekhaug 10.03.2018

Styret for Leiketun Barnehage AS


Ejarne Kvam – styreleiar


Wenche Øpstebø – dagleg leiar


Magnar Hellen


Hildegunn Hove


Ingunn Furubotten